

Møtebok FR 20. april 2022

Råd/utval: Stord kyrkjelege fellesråd.
Tid: Onsdag 20. april kl. 17:00
Møtestad: Kyrjekontoret
Opningsord: Liv Kari

TIL STADES: Dag Sele (Stord), Nils Dale Elde (Stord), Jens Arne Stautland (Nysæter), Marit Stalheim Grimstad (Nysæter), Jørgen Knudsen (geisteleg representant), Øyvind Kyvik (kommunal representant), Reidun Andersen (sakshandsamar) og Liv Kari Bru (kyrkjeverje/dagleg leiar)

Saksliste

Saksnr.	A.kode	Sak tittel
---------	--------	------------

2022/01 012.1 Godkjenning av innkalling og saksliste.

Vedtak:

Godkjent med følgjande merknader: SAK 2022/5 vert handsama før SAK 2022/03.

SAK 2022/04 utgår pga manglande rapport.

SAK 2022/13 utgår jfr. vedtak i AU. Fellesrådsleiar og kyrkjeverje tek kontakt med ansvarlege i arbeidsgruppa "frivillighet".

Samrøysta vedteke.

2022/02 012.1 Godkjenning av møtebok frå fellesrådsmøte 15. des 2021.

Vedtak:

Godkjent utan merknader.

Samrøysta vedteke.

2022/03 112 Driftsbudsjett 2022

Vedtak:

Stord kyrkjeleg fellesråd vedtek det framlagde driftsbudsjettet for 2022.

Samrøysta vedteke.

2022/04 131 Økonomirapport pr. 31.03.2022.

Vedtak:

Vert ikkje handsama pga manglande rapport.

Samrøysta vedteke.

2022/05 133 Godkjenning av førebels årsresultat rekneskap 2021.

Vedtak:

Stord kyrkjelege fellesråd tek til vitande førebels rekneskap for 2021.

Rekneskapet vert sendt til revisjon.

Driftsoverskotet for 2021 vert sett over på ubunde driftsfond.

Samrøysta vedteke.

2022/06 221 Oppseiing frå diakonimedarbeidar Hjørdis J. Heggland frå 04.05.2022.

Vedtak:

Oppseiinga frå Hjørdis J. Heggland vert teken til orientering.

Fellesrådet ber kyrkjevevja utarbeida framlegg til utlysingstekst som kan vedtakast på møtet i juni 2022.

Samrøysta vedteke.

2022/07 211 Ledig kontorstilling i Stord frå haust 2022.

Vedtak:

Stord kyrkjelege fellesråd tek oppseiinga til vitande.

Fellesrådet ber kyrkjevevja utarbeida framlegg til utlysingstekst som kan vedtakast på møtet i juni 2022.

Samrøysta vedteke.

2022/08 211 Permisjonssøknad frå kyrkjelydspedagog Elisabeth Fauskanger.

Vedtak:

Kyrkjelydspedagog Elisabeth Fauskanger får innvilga permisjon utan løn frå 01.08.2022 til 30.06.2023

Samrøysta vedteke.

2022/09 429 Kyrkjelydshus i Stord.

Vedtak:

Stord kyrkjelege fellesråd oppmodar Stord sokneråd og foreininga Kyrkjestova Fredheim til å delta i etablering av ei styringsgruppe for arbeidet med eit framtidig kyrkjelydshus i Stord sokn, gjennom å oppnemna 1-2 representantar til ei styringsgruppe.

Styringsgruppa får som overordna mandat å vidareføra arbeidet med å realisera eit kyrkjelydshus i Stord sokn. Det primære ønsket er eit kyrkjelydshus som også inneheld kontorløyisingar for alle dei tilsette, men også andre løyisingar kan vurderast. Styringsgruppa konstituerer seg sjølv og organiserer sjølv arbeidet slik dei finn det tenleg. Dei ulike aktørane gir ut over dette sine eigne representantar i styringsgruppa eit mandat tilpassa sitt eige ansvarsområde.

Fellesrådet sin(e) representant(ar) får følgjande tilleggsmandat:

Styringsgruppa får fullmakt til å føra uformelle dialogar og drøftingar med kommunen og andre offentlege instansar på vegne av fellesrådet. Formelle og endelege avklaringar skal gå gjennom kyrkjevevje, på ordinært vis. Fellesrådet må få sak til behandling før det blir teke avgjerder som utan atterhald bind fellesrådet økonomisk eller som legg tilsvarande bindande føringar på geografisk plassering av huset eller utforming av kontorareal for staben. I tillegg ønskjer fellesrådet løpande, generell oppdatering om arbeidet.

Arbeidsutvalet får fullmakt til å ta avgjerd i saker som hastar og som ikkje påfører fellesrådet større utgifter enn kr 200 000.

Fellesrådet vel følgjande folkevalde representant som medlem i styringsgruppa:

Leiar i Stord kyrkjelege fellesråd (for tida Dag Sele)I tillegg ber fellesrådet kyrkjevevja ta del i styringsgruppa, på vegne av fellesrådet.

Samrøysta vedteke.

2022/10 440 Flytting av kyrkjekontoret.

Vedtak:

Stord kyrkjelege fellesråd ber kyrkjeverja greia ut ulike alternativ for plassering av kyrkjekontor, i samråd med rådmann i Stord kommune.

Samrøysta vedteke.

2022/11 022 Innspel tilkommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034.

Vedtak:

Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034

Stord kyrkjelege fellesråd har 20.04.22 gjort vedtak om fylgjande fråsegn:

Lokalkyrkja i Stord kommune.

Kyrkja har i lang tid hatt ein stor og viktig rolle som trussamfunn og samfunnsaktør. Sjølv om Kyrkja no har fått ei fristilling frå staten, er den med si lokale forankring, ein viktig institusjon, med sitt åndelege og kulturelle arbeid for folk i landet vårt. Kommunane og staten har eit lovregulert ansvar for finansiering av Kyrkja si verksemd. Dette gjeld også drift og vedlikehald av Kyrkjebygg og gravplassar, sjølv om det er sokna som står som formell eigar av desse. I Stord kommune er det 2 kyrkjebygg (Stord kyrkje og Nysæter kyrkje) og 8 gravplassar (Stord gamle kyrkjegard, Vestre gravplass, Øvre gravplass, Midtre gravplass, Frugarden gravplass, Nysæter gravplass, Huglo gravplass samt Kolerakyrkjegarden)

I plandokumentet saknar me ein omtale av lokalkyrkja i vår kommune.

Plandokumentet har ei konsentrert form. Likevel håpar me det kan vera rom for nokre korte formuleringar som også omtalar kyrkja og andre trussamfunn.

Tre slike framlegg følgjer her:

Under "Samskaping": Nytt innskot i setning:

Å aktivere innbyggjarane, lag og organisasjonar, *inkl lokalkyrkja og andre trussamfunn* sine kunnskapar og ressursar kan bidra tilosv

Under "Inkluderande fellesskap": Nytt kulepunkt:

- *Ha gode og inkluderande vilkår for lokalkyrkja og andre trussamfunn.*

Under "Arealstrategi": Nytt kulepunkt:

- *Drift og vedlikehald av kyrkjene våre må sikrast, som mellom anna viktige kulturminne. Kyrkja representerer i tillegg ein svært stor frivilligaktør, med godt grunnlag for samskaping. Kommunen ynskjer difor også å leggja til rette for bygging av eit framtidig kyrkjelydshus i Stord sokn.*

Samrøysta vedteke.

2022/12 123 Disponering av koronamidlar 2022.

Vedtak:

Stord kyrkjelege fellesråd godkjenner følgjande framlegg til fordeling av koronamidlar:

Stord sokneråd: 6.650

Nysæter sokneråd: 4.433

Fellesrådet: 2.217

Kyrkjeverja har ansvar for orientering til sokneråda samt rapportering til Kyrkjerådet.

Samrøysta vedteke.

2022/13 217 Brev frå arbeidsgruppa "frivillighet" v/ E. Fauskanger.

Vedtak:

Saka vert handsama administrativt.

Samrøysta vedteke


Referat, meldingar, orienteringar:

- Nytt frå Stord Sokneråd v/ Dag & Nils
 - Besøk av både gudstenesteutval og av soknediakon.
 - Inspirasjonssamling for frivillige medarbeidarar.
- Nytt frå Nysæter sokneråd v/ Marit & Jens Arne
 - Fest for konfirmantane utgår. Neste fest blir i 2023.
 - Rettleiar for frivillige er vedteken.
 - Kyrkjelydspedagogane, soknediakonen og kantor har alle vore på SR-møte.
 - Deltaking i "Folk i sentrum" laurdag 11. juni. Har spelt det inn i staben.
 - 17.-mai frukost i Nysæter kyrkje.
- Referat frå Kyrkjestova Fredheim v/ Dag
 - Årsmøte. Heile styret vart gjenvalgt.
 - Arbeider for tida med:
 - Akustikk
 - Skjerm
 - Varmestyring
- Nytt frå staben:
 - Stillingar og status.
- Nytt frå gravplassane.
 - Verdt å merka seg at festeinntektene i 2021 var på 1,2 mill. Oppryddingsprosjektet vedr oppsporing av festarar og rydding i digitalt gravregister har gitt resultat.

Møteleiar avgjer om saker som vert meldt etter innkallinga er utsend skal handsamast, så sant ikkje minst 1/3 av medlemene motset seg det. Saker kan utsetjast ved vanleg fleirtalsrøysting.

Stord 20. april 2022
For Stord kyrkjelege fellesråd

Dag Sele
Leiar



Liv Kari Bru
Kyrkjeverje/dagleg leiar

**Neste møte i fellesrådet er
onsdag 15.juni 2022 kl. 18:00**